Referansar:

Arkivsak: 22/00112-96

Saksdokumenter:
Protokoll Styremøte 16.9.2026 nkr

Norges Kristne Råd – oppdatering for MKR

Samandrag

Saka orienterer om framlegget til statsstøtte til Norges Kristne Råd for 2027, tusenårssamtalane og solidaritetsreisa til Ukraina, der Henrik Erhard Hermansen fekk ei utmerking. Ho omtalar òg Global uke mot moderne slaveri og komande aktivitetar, mellom anna nominasjonar til King-prisen, bøneveka og generalforsamlinga.

Forslag til vedtak

1. MKR gratulerer generalsekretær Henrik Erhard Hermansen med den velfortente utmerkinga Erkeengelen Mikaels orden av 2. grad.
2. MKR tek elles saka til orientering.

Saksorientering

Bakgrunn

I forslaget til statsbudsjett for 2027 er det sett av 5,8 millionar kroner i driftstilskot til Norges Kristne Råd og noko til prosjektet «Kristendom i 1000 år».

Tusenårssamtalane i «Kristendom i 1000 år» held fram. Neste samtale, «Martyr, munk eller ektemann: What would Jesus do?», finn stad på Litteraturhuset i Oslo 30. november og handlar om kallet til mennesket.

På det siste styremøtet i september var statsråd Lene Vågslid på besøk og deltok i ein samtale. Styret hadde òg ein viktig samtale om KI og etisk refleksjon, samt ein samtale om kyrkje og politikk. Sjå den vedlagde protokollen.

Ei styrereise til Ukraina fann stad den første veka i oktober. Biskop Herborg og kyrkjerådsleiar Harald Hegstad representerte Dnk på reisa, som vart arrangert i samarbeid med Bibelselskapet. Les meir her: Norske kirkeledere i Kiev: Det er så viktig at vi er her og Besøkte Kyiv: – Det har aldri vært viktigere å være her - Den norske kirke.

Under solidaritetsreisa til Kyiv fekk generalsekretæren i NKR, **Henrik Erhard Hermansen, 6. oktober 2026 Erkeengelen Mikaels orden av 2. grad** frå metropolitt Epiphaniy. Utmerkinga vart gjeven som påskjøning for støtta hans til Ukraina, det ukrainske folket og arbeidet til kyrkja.

Global uke vert markert 8.–15. november 2026 og samlar kyrkjene i kampen mot moderne slaveri i Noreg og globalt. I år er hovudvekta å gå frå kunnskap til handling, mellom anna ved å bruke openheitslova til å etterspørje informasjon om arbeidsforhold i leverandørkjedene. NKR legg til rette med ressursar til lokale markeringar. Sjå Global Uke - Global Uke. Sjå òg den nye boka: A diaconal guide to social action » Norges Kristne Råd.

Kopla til temaet om **flyktningar** på dette møtet kan det vera greitt å leggja merke til denne kommentaren, som lenkjar til hyrdebrevet som nyleg vart gjeve ut av den katolske kyrkja: Hyrdebrevet gjør døren høy og porten vid » Norges Kristne Råd.

Framover er det viktig å planleggje for bøneveka for kristen einskap i januar og generalforsamlinga til NKR i månadsskiftet mars/april. Oppnemning av delegasjon kjem i ei eiga sak.

Prisar: Fristen for å nominere kandidatar til **ikkjevaldsprisen / Martin Luther King-prisen** 2027 er 20. november 2026. Godt grunngjevne forslag skal sendast til kingpris@baptist.no. Prisen vert delt ut på King-dagen 18. januar 2027.

Kven ønskjer de å nominere til **Økumenikkprisen** 2027? Prisen er oppretta av styret i Norges Kristne Råd og heidrar personar, kyrkjesamfunn, organisasjonar eller institusjonar som gjennom handlingar og haldningar styrkjer einskapen mellom kyrkjer lokalt, regionalt eller nasjonalt. Han anerkjenner innsatsen og motiverer til vidare arbeid. Nominasjonsfrist: 20. januar.

Det vert òg planlagt ei kyrkjeleiarreise i samarbeid med Kirkens Nødhjelp til Palestina og Israel i september neste år.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Utgifter til utvida delegasjon til generalforsamlinga i 2027 vert budsjetterte i det ordinære budsjettet for MKR.